

# EID KOMMUNE

## Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Teknisk styre	19.03.02	032/02	JPL
Kommunestyret	24.04.02	022/02	JPL

Avgjerd av: Saksansv.: Jan Per Løken	Arkiv: L10 Objekt:	Arkivsaknr 2002000478
---	-----------------------	--------------------------

### Plan- og bygningslova - fråsegn frå Eid kommune til endringsframlegg

#### RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Eid kommune er sterkt skeptisk til å innføre tidsfristar for kommunen for handsaminga av privat fremja regulerings- og utbyggingsplanar. Jf. grunngjevinga i saksutgreiinga.

#### 24.04.2002 KOMMUNESTYRET

#### KS-022/02 VEDTAK: SAMRØYSTES

Eid kommune er sterkt skeptisk til å innføre tidsfrister for kommunen for handsaming av privat fremja regulerings- og utbyggingsplanar. Jf. Grunngjevinga i saksutgreiinga.

#### 19.03.2002 TEKNISK STYRE

#### TS-032/02 INNSTILLING, samrøystes:

Eid kommune er sterkt skeptisk til å innføre tidsfristar for kommunen for handsaming av privat fremja regulerings- og utbyggingsplanar. Jf. grunngjevinga i saksutgreiinga.

#### Vedlegg:

1. Framlegg til endring av plan- og bygningslova – tidsfristar for handsaming av privat fremja planar (Høyringsnotat).
2. Pressemelding

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Plan- og bygningslova.

## **Kva saka gjeld/bakgrunn for saka/saksutgreiing:**

Miljøverndepartementet legg opp til omfattande endringar av plan- og bygningslova.

Eid kommune er blitt beden om å kommentere den delen av planendringa som gjeld framlegg om konkrete tidsfristar for kommunen si handsaming av dei reguleringsplanar og utbyggingsplanar som er fremja privat. Det heiter i pressemelding at det er venta at utbyggjarar og det offentlege vil spare milliardar på ei raskare handsaming.

Det er gjort framlegg om i innføre ein frist på:

1. 12 veker til utvalet for plansaker tek avgjerd om planutkastet skal leggast ut til offentleg gjennomsyn. (Kommunen misser retten til å kunne krevje plangebyr dersom ikkje fristen vert halden).
2. 24 veker frå planen vart vedtatt lagt ut til offentleg gjennomsyn til planen vert slutthandsama i det faste utvalet for plansaker.
3. 12 veker frå reguleringsplanen vart slutthandsama i planutvalet til handsaming i kommunestyret.

Framlegget (punkt 1) seier ingen ting om kva tid fristen skal løpe frå, men det er mykje som tyder på at det skal ligge føre eit ferdig planutkast før den første tidfristen på 12 veker tek til å løpe. Dermed er ikkje tidsbruk for innspeksjon og anna forarbeid inkludert. Det heiter i Miljøverndepartementet sin argumentasjon for denne 12 vekers fristen at ”det anses som tilstrekkelig tid for kommuneadministrasjonen til å vurdere om forslaget bør legges ut til offentlig ettersyn og til å innkalte og avholde møte i det faste utvaget for plansaker”

## **Vurdering/grunngjeving:**

Handsaming av privat fremja reguleringsplanar og ubyggingssplanar er i Eid kommune prioritert på kostnad av planarbeid som er vedtatt oppstarta av kommunestyret. Dette har samanheng med lovpålagt krav om at slike saker skal handsamast fram til vedtak utan ugrunna opphald. Jf. forvaltningslova § 11a.

Det er dermed vanskeleg å sjå at det ligg noko form for sparing i Departementet sitt framlegg. Ettersom kommunane har avgrensa ressursar til planarbeid må nødvendigvis forsering av kommunal innsats knytt til private reguleringsplanar skje på kostnad av planarbeid som er pålagd av kommunestyret. Dei fleste av dei privat fremja reguleringsplanane gjeld hytteområde, småbåthamner, ridebaner, golfbaner og tilrettelegging for andre typar fritidsformål. Det er vanskeleg å forstå korleis prioritering av slikt planarbeid framfor communal tilrettelegging for næringstiltak med meir, skal spare utbyggjarar og det offentlege for milliardar.

Innføring av tidfristar for sakshandsaming kan medføre därlegare på kvalitet på arbeidet og planprosessen. Dette skjer:

1. Når det vert fremja ein plan som ikkje er god nok, og administrasjonen ikkje får respons frå initiativtakar for å få oppretta planutkastet.
2. Når det som resultat av høyringa kjem fram opplysning som gjer det nødvendig med ny høyring, pålegg frå sentrale styresmakter om arkeologiske undersøkingar som til dømes berre kan skje i sommarhalvåret eller når det er nødvendig å etterkome krav om støyvurdering som kan vere aktuelt når planframlegget gjeld eit masseuttak/asfaltverk/steinknusing eller andre støyande føretak.

Det som er nemnt under pkt. 1 fører til at tidsfristen på 12 veker går ut og kommunen misser retten til krevje gebyr. Det er hermed grunn til å frykte at det ikkje vert tid til eit konstruktivt samarbeid mellom kommunen og initiativtakar, og at planutkastet som rådmannen ikkje er samd i vert lagt fram for planutvalet med negativ tilråding. Det kan med andre ord verte knapt med tid for ei ekstra runde med tiltakshavar.

Røynsle frå Eid kommune viser at ein lang planprosess ofte skjer på grunnlag av det som er nemnt under pkt 2. Her er det rett nok ikkje gjort framlegg om straffetiltak for kommunen om denne delen av planprosessen går lenger enn 24 veker. Tidsfrist burde vere unødvendig.

Den siste fristen på 12 veker fram til kommunestyrehandsaming er lett å overhalde under føresetnad at kommunestyremøta skjer ofte nok. Det er vel få kommunar som ser seg i økonomisk stand til å innkalte til ekstraordinære møte i planutvalet for å halde fristane slik Miljøverndepartementet gjer framlegg om.

Det er stor fare for at lovendringa vil føre til opphør av det konstruktive samarbeidet vi har i Eid kommune i dag mellom initiativtakar og planavdelinga.

Eksisterande lovverk (forvaltningslova) er eit godt nok verkemiddel til at handsaminga av slike saker skjer utan ugrunna opphald.

Rådmannen meiner at Miljøverndepartementet sine målsettingar om raskare sakshandsaming i plansaker kan best etterkomast ved å tilføre kommunen nok ressursar til å makte desse og andre oppgåver.

Per Kr. Storevik  
-rådmann-

Utskrift til:

Teknisk etat v/Jan Per Løken (for vidare ekspedering og oppfølging)

Teknikksjef

KRD, Postboks 8013 Dep, 0030 Oslo